

## Referat frå styremøte nr. 6-2025

**Dato:** 5.12.25

**Tid:** kl. 10.00-12:05

**Stad:** Ålesund og Teams

### Til stades frå styret:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)

Styremedlem Bernt Brandal (ordfører i Hareid kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Jessica Gärtner (varaordfører Ålesund kommune)

### Med på Teams:

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)

### Forfall:

Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

### Referent:

Sverre Øvrelid Steen

### Sak 43/25: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar ønskte velkomen til dei nye styremedlemmane, Gärtner og Brandal.

Jemtegård Moen meldte inn sak til eventuelt, med ønske om uttale frå regionrådet i høve representantforslag 30 S frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe og Bengt Fasteraune: «Ny og offensiv satsing på arbeidsretta rehabilitering»

Vedtak: Innkallinga blir godkjend.

### Sak 44/25: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 5-25

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Referatet frå styremøte nr. 5-25 blir godkjend.

### **Sak 45/25: Helse og sjukehus - strategi for å betre rammevilkåra til Helse Møre og Romsdal**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Sverre Øvreliid Steen

Styreleiar gjekk kort gjennom historikken på området, eit området som regionrådet har arbeidd mykje med det siste halve året, og til dels oppnådd gjennomslag innan. Det gjeld både representantforslag i Stortinget, arbeidsgruppe i helseregionen og bestilling frå helseministaren.

Moglege kandidatar som kunne bli spelt inn til styreplass blei diskutert.

Dei konkrete forslag til tiltak blei presentert i møtet.

1. Sunnmøre regionråd må halde fram med å bygge kunnskap om effektane av den valde finansieringsmodellen i HMN. Regionrådet driv ein legitim interessekamp, men vinn ikkje fram utan god kunnskap.
2. Sunnmøre regionråd må halde fram dialogen med HMN, både i brevs form og i møter.
3. Sunnmøre regionråd må halde saka godt synleg i media over tid.
4. I samarbeid med dei andre regionråda i fylket bør Sunnmøre regionråd engasjere eit eksternt revisjonsfirma eller tilsvarande, til å etablere eit objektivt faktagrunnlag om effektane av finansieringsmodellen i HMN i perioden 2011-2024.
5. Sunnmøre regionråd bør fremje eit krav om at HMN på styremøtet 18. desember 2025 gjer vedtak om å tilføre HMR eit eingongsbeløp på 500 millionar kroner for straks å rette opp den alvorlege økonomiske situasjonen. HMN hadde pr. 31.12.24 ein eigenkapital på over 12,5 milliardar kroner. Av denne utgjorde opptent eigenkapital 6,1 milliardar kroner.
6. Sunnmøre regionråd bør fremje eit krav om at HMN på styremøtet 18. desember 2025 gjer vedtak om å omfordele ressursane slik HMR f.o.m. 2026 får ei berekraftig økonomisk ramme med tydeleg samanheng mellom aktivitet og ressursar.
7. Sunnmøre regionråd bør så langt det er mogleg gjere felles sak med dei interkommunale politiske råda i fylket og fylkeskommunen.
8. Sunnmøre regionråd bør bidra til å engasjere adm.dir og/eller styreleiar i HMR i saka, utover det som pt. er synleg.
9. Sunnmøre regionråd bør identifisere og foreslå kandidatar til neste eigaroppnemning til styret i HMN.
10. Sunnmøre regionråd må arbeide politisk opp mot regjeringa og Stortinget fram mot revidert nasjonalbudsjett. Det vert her viktig å søke samarbeid med Mørebenken.

Vedtak: Styret ber administrasjonen gå vidare med sakskomplekset i tråd med saksframlegget og diskusjonen i styremøtet.

### **Sak 46/25: Strategi nytt fengsel**

Ved dagleg leiar Sverre Øvreliid Steen

Styret uttrykte støtte til det vidare arbeidet og å stå samla med Hustadvika.

Vedtak: Styret ber administrasjonen gå vidare med saka slik ho er foreslått og i tråd med dei signala styret gav i møtet.

### **Sak 47/25: Etablering av KSF på Sunnmøre**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Dagleg leiar gjorde greie status i prosessen og kva rolle regionrådet eventuelt skal ha.

Lykkebø Strand var glad for at Ålesund kan ta ein slik rolle, samstundes som han understreka at finansiering må på plass. Dette er eit av områda regionrådet vil bistå i det vidare.

Vedtak: Styret støtter etablering av KSF på Sunnmøre med Ålesund kommune som motorkommune. Sunnmøre regionråd vil bidra til etablering av samarbeidsstrukturen og koordinering av arbeidet i regionen.

### **Sak 48/25: Høyringsinnspel eigarskapsmelding Ålesund kommune**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Styret vedtar uttalen slik den ligg føre.

### **Sak 49/25: Høyringsinnspel ny strategi for Sunnmøre regionråd**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styret fekk presentert vedtaket frå formannskapet i Ålesund kommune, av 2. desember, ref. sak 137/25 ([Protokoll - Formannskap - 02.12.2025](#))

Styret drøfta dei ulike innspela:

- **Tilgang på kraft i regionen.**

I diskusjonen blei det trekt fram at dette har vore tematisert undervegs i strategiprosessen, og at ein ville gi regionrådet eit mandat og bestilling til å arbeide med dette.

Styret meinte dette kunne løysast ved å endre namnet på eit strategisk innsatsområde frå «Det eksterne: Samferdsel» til «Det eksterne: Samferdsel og infrastruktur» og inkludere eit særskilt tiltak som går på det interessepolitiske arbeidet knytt til kraftsituasjonen.

- **Beredskap og samfunnssikkerhet**

Styret delte intensjonen om at regionrådet må ha ein rolle innan samfunnssikkerheit. Kva rolle regionrådet i så tilfelle skal ha og innan kva tematiske områder skal organisasjonen i så tilfelle arbeide blei drøfta. Styret meinte det var behov for å synleggjere betydninga for samfunnssikkerheit også for regionrådet, men at dette må munne ut i noko konkret. Styret foreslo derfor å ta dette inn under «Felles tiltak på tvers av innsatsområde» - tiltak A og at denne både formulerast meir aktivt og at samfunnssikkerheit trekkast spesielt fram her.

Derfor anbefaler vi at beredskap og samfunnssikkerhet tas inn i strategien, med vekt på at en arbeider med å sikre gode samarbeidsarenaer og interessepolitisk for gode rammevilkår i arbeidet.

- **Rammevilkår for innovasjon**

Når det gjaldt siste punktet som formannskapet i Ålesund kommune foreslo endringer for, meinte styret at utkastet til strategi slik det låg føre set regionrådet på riktig kurs og slik sett ivaretar ein del av momenta formannskapet i Ålesund spelte inn, ref. sak om Ålesund kommune som motorkommune. Styret foreslo derfor ikkje endringar innan dette innsatsområdet.

Tilråding: Representantskapet i Sunnmøre regionråd vedtar ny strategi for Sunnmøre regionråd med følgande endringar:

- A. Endeleg variant misjon - alternativ A: «Utvikling gjennom samarbeid».
- B. Ny målformulering for strategisk innsatsområde «Det indre liv: Innovasjon og samarbeid i kommunal sektor»:  
«Regionrådet opplevast som samlande, og er ein pådrivar for utvikling i regionen og den enkelte kommune, gjennom deling av kunnskap og etablering av relevante samarbeids- og utviklingsarenaer.»
- C. Strategisk innsatsområdet «Det eksterne: Samferdsel» endrast til **«Det eksterne: Samferdsel og infrastruktur»** og følgande nye tiltak leggst inn under her:
  - a. Tiltak 6: Regionrådet skal arbeide interessepolitisk med kraft- og energispørsmål, for å betre vilkåra for regionen generelt og næringslivet spesielt. Dette skal mellom anna skje gjennom å bringe fram fakta om situasjonen slik den er i dag, og arbeide for å sikre tilstrekkeleg kraft til regionen.
- D. Felles tiltak på tvers av innsatsområde – tiltak A endrast til følgande:
  - a. Tiltak A: Regionrådet er ein pådrivar for å følgje opp saker på nasjonalt eller regionalt nivå som er viktige for deltakarkommunane, slik som samfunnssikkerheit og beredskap.

### **Sak 50/25: Rapportering på rekneskap og likviditet for Sunnmøre regionråd**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar gjorde greie for at likviditeten er god, at ein har arbeidd for å halde kostnadane nede, sjølv om ein del ekstra kostnader har gått med til å arbeide fram ny strategi.

Samstundes var der ein del kostnadar på vent, som kunne gi dårlegare årsresultat enn prognose, men framleis på riktig side av streken.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

### **Sak 51/25: Budsjet 2026**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Administrasjonen presenterte sitt forslag til budsjett i styremøtet.

Forslaget la til grunn ei justering av driftstilskotet frå kommunane med 3,5 % frå 2025 til 2026, likt anslaget på kommunal deflator i framlegget til statsbudsjett.

Forslaget gir eit driftstilskot frå kommunane til generell drift på kr. 3.979.575,00,-.

Styret var oppteken av moderasjon og at m.a. vedtaket knytt til leigeavtalen blir følgd opp, og fremma difor ei tilråding i tråd med dette.

Tilråding:

- Representantskapet i Sunnmøre regionråd vedtar budsjettforslaget slik det er presentert i styremøte #6-25 for 2026.
- Styret anerkjenner behovet for å justere rammevilkåra for regionrådet og vil rå representantskapet til å be om ei budsjettjusteringssak våren 2026.

**Sak 52/25 Fråverseksplosjonen**

Ved dagleg leiar Sverre Øvreliid Steen

Vedtak: Saka blei utsett til neste styremøte.

**Sak 53/25: Lønsjustering for dagleg leiar**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Løna justerast opp med 1 % med virkning frå 1. mai 2025.

**Sak 54/25: Fast orientering frå dagleg leiar**

Ved dagleg leiar Sverre Øvreliid Steen

Saka utgjekk grunna tidsmangel.

**Eventuelt:**

- Jemtegård Moen bad regionrådet om ei uttale i høve representantforslag 30 S frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe og Bengt Fasteraune: «Ny og offensiv satsing på arbeidsretta rehabilitering», der Fjord kommune har skrive eige uttale.

Vedtak: Styret ber dagleg leiar forfatte ein skriv til støtte for Fjord kommune si uttale.